



SAK 69-11 UTTALE, VETERINÆRVAKTORDNINGA

Forslag til brev tiltenkt KS (sakshandsamar Ål kommune)

EI VETERINÆRVAKT FOR GODE OG DÅRLEGE TIDER

Det er med uro kommunane i Hallingdal les at hovudstyret i Kommunenes sentralforbund 25. oktober 2011 gjorde vedtak om at den sentrale avtalen mellom KS og Den norske veterinærforening om veterinærvaaktordninga bør avviklast frå 31. desember 2012.

Kommunane har hatt nøgjeldande ordning frå januar 2008. I veterinærdistrikta våre, øvre Hallingdal (Hol og Ål) og nedre Hallingdal (Hemsedal, Gol, Nes og Flå), har ordninga fungert svært bra. Ein overgang frå sentrale til lokale avtaler, og økonomisk støtte lagt inn i rammeoverføringane, vil føre til at veterinærvakta blir prisgjeve kommunale vedtak frå år til år.

Hallingdal er eit husdyrdistrikt. Ved inngangen til 2011 vart det i produksjonstilskotssystemet registrert vel 3300 mjølke- og ammekyr, nesten 16 000 søyer og knappe 1500 mjølkegeit i dalen. I tillegg kjem nokre mindre husdyrproduksjonar og mange kjæledyr. Slik sett er Hallingdal godt stilt – det er mange husdyr og landbruket er framleis ei viktig næring i bygdene våre. Det gjer at veterinærvakta truleg vil bli prioritert både i budsjetta og administrativt i åra framover. Men pengar lagt i rammeoverføringar vil alltid vera meir usikre dersom det økonomiske handlingsrommet blir innsnevra. For alle som tek ansvaret med å ha dyr på alvor, er det grunnleggjande å vite at ein kan få hjelp i vanskelege situasjonar.

Det er fleire grunnar til at hallingdalskommunane ynskjer å halde på dagens ordning. Den aller viktigaste er å sikre dyrevelferda over heile landet i gode og dårlegare tider. I føremålsparagrafen i lov om dyrevelferd heiter det at '*Formålet med loven er å fremme god dyrevelferd og respekt for dyr*'. I § 3 heiter det vidare at '*Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger.*' Lovteksten er spesifisert med eigne forskrifter for kvart enkelt dyreslag.

I lova, so vel som i forskriftene, ligg det at dyr, til liks med menneske, har rett på medisinsk behandling og fødselshjelp. Me er difor pliktige til å ha ordningar som sikrar dyr over heile landet tilgang til veterinær 24 timar i døgnet. Med tronge budsjett og rammeoverføringar kan veterinærvakta likevel bli ein salderingspost i tevling med alle dei andre viktige ansvarsområda kommunane skal ivareta.

Noreg er eit langstrakt land og problemstillingane kan skilja mykje frå eit distrikt til eit anna. Mange stader er det ei vesentleg større utfordring å skaffe kompetente veterinærar enn å handtere konkurranse mellom fleire aktørar i veterinærmarknaden. Andre stader kan priskonkurranse kommunar i mellom føre til at lokale avtaler totalt sett gjer veterinærvakta dyrare enn i dag. I og med at vaktturnusar som medfører natt- og helgearbeid generelt ikkje er særleg attraktive, er sjansane for at tenestene blir billegare mindre sannsynlege i det meste av landet. Me er urolege for at mindre stabile system og budsjettavhengige avtalar etter kvart kan føre til problem med å fylle vaktlistene. I og med at veterinærvakta i enno større grad enn legevakta berre får dei mest akutte tilfella, er det viktig at vaktistrikta ikkje blir større enn i dag. Me vil seie det so sterkt som at tilfredsstillande tilgang til veterinær 24 timar i døgeret er ein føresetnad for å drive med husdyr.



Ein kan sjølvsagt hevde at kostnaden for bruk av veterinær er dyreeigar sitt ansvar og at det dermed er dyreeigar som bør bera kostnaden med tenestene uansett når dei skal nyttast. I praksis meiner me det er uaktuelt å basere dyrevelferd på enkeltpersonar sin skiftande privatøkonomi. Dessutan ville det føre til uakseptabelt stor prisskilnad frå distrikt til distrikt. Det er eit samfunnsansvar å leggje til rette for stabile og tilgjengelege veterinærtenester ogso utanfor vanleg arbeidstid.

Dagens ordning fungerer godt hjå oss. Vakt-distrikta har 'sett seg' og vaktgodgjersla blir overført utan særleg mykje byråkrati. Kommunane i Hallingdal ynskjer ikkje at organisering og utbetaling av vaktgodtgjersla skal utvikle seg til å bli ei unødvendig tung oppgåve å administrere. Me ser meir administrasjon som ei sannsynleg følgje av eit konkurransesystem med eventuelt fleire tilbydarar, forhandlingar og eigne system for utbetaling av godtgjersle.

Med tanke på dyrevelferd over heile landet vil me hevde at veterinærvakta ikkje er ei teneste som eignar seg for konkurranse 'for derigjennom å bidra til effektiv bruk av samfunnets ressurser'. Det er i so fall samanliknbart med å konkurrere om å levere legevakttenester – ein tanke som dei færreste meiner vil gjera tenestene betre landet sett under eitt. Kommunane i Hallingdal meiner at ei sentralt framforhandla avtale om veterinærvakta er det som fungerer best og som best kan sikre dyrevelferda over heile landet. Dersom ei sentral rammeavtale blir vurdert til å vera i konflikt med konkurranselova, ber me om at det på grunnlag av dyrevelferdsomsyn blir utarbeidd unntak etter §3 slik tilfellet er for den kommunale legevakta.

Hovedstyrevedtak om veterinærvaktavtalen

Hovedstyret i KS mener veterinærvaktordningen bør styres lokalt og at den sentrale avtalen mellom KS og veterinærforeningen (DNV) derfor bør avvikles når den løper ut ved nyttår 2013.

04.11.2011

Vedtaket viser KS' prinsip–ielle holdning. Vedtaket er likevel ikke ment å innskrenke et fornuftig handlingsrom på kort sikt, jf. at vi innenfor dagens ordning må ha på plass en avtale med DNV som skal virke fra 1.1.2012, og at det ennå ikke er tilstrekkelig avklart hvordan et alternativt fremtidig system bør være.

KS og DNV må i god tid før nyttår forhandle vilkårene i dagens system, i det minste for første halvår 2012. Temaet for forhand–ling–ene er øking av kronesatser og eventuelle endringer i vaktstrukturen basert på krav fra kommuner og DNV. Underveis må KS ha kontakt med LMD, slik at forhandlingsresultatet tilpasses vaktstrukturen og den økonomiske rammen. KS må tilby kommunene et regneark til bruk for veterinærene, slik det er gjort tidligere år.

Det ble våren 2011 satt ned et interdepartementalt utvalgsarbeid (LMD,FIN, KR, D, FAD) om fremtidig organisering av veterinærvaktordningen, der bl. a forholdet til konkurranseloven var tema. Arbeidet er ikke avsluttet. Hovedstyret var orientert om dette, men ønsket likevel en prinsipiell gjennomgang av saken. Det statlige utvalget har ikke kommet med entydige konklusjoner, og etter det KS erfarer, vil saken nå bli politisk behandlet.

Det er for øvrig intet som hindrer en fornyet sak til Hovedstyret, dersom oppfølgingen av den interdepartementale arbeidsgruppen eller andre forhold gjør dette naturlig.

Skasframlegget til Hovedstyret kan lastes ned i rammen nedenfor

Norum, Arne
Forhandling
arne.norum@ks.no

Thomassen, Torfinn
Forhandling
torfinn.thomassen@ks.no



Sak nr.	Behandles av:	Møtedato
	Hovedstyret	25.10.2011

UTVIKLING AV KLINISK VETERINÆRVAKT I KOMMUNENEForslag til vedtak

KS mener at opphør av sentral avtale og full lokal styring er det prinsipielt riktige og i samsvar med Stortingets forutsetninger. KS mener at en sentral ordning for klinisk veterinæravakt utvikles pr 31.12.2012.

Saksframstilling**1) Historikk**

I sak 52/06 sluttet Sentralstyret seg til regjeringens forslag om at ansvaret for tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell burde overføres til kommunene. Ansvaret var på dette tidspunktet statlig, administrert av Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Mattilsynet. Den viktigste delen av ordningen var en detaljert avtale med Den norske veterinærforening (DNV) om deltakelse i klinisk veterinæravakt utenfor normalarbeidstid. 1.1.2008 overtok kommunene ansvaret. Endringen er hjemlet i *Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell* i form av en tilføyelse i § 3a.

Den statlige ordningen ble avløst av en rammeavtale mellom KS og veterinærforeningen, som for alle praktiske formål tilsvarte tidligere praksis. Avtalen regulerer veterinæravtordningen på landsbasis og i detalj: Inndeling av landet i 160 distrikter, antall veterinærer på vakt, godtgjøringer for ulike vakttyper, særskilte ordninger for bynære strøk, sammenslåing av vakt-distrikter på natt, vaktbelastning mv. Det ligger i sakens natur (kompleksitet, lokale variasjoner osv) at dette på sikt må organiseres fullt ut lokalt, slik også Stortinget forutsatte. *Vedlegg: Rammeavtale og oversikt over vakt-distrikter.*

Kommunene har siden 2008 hatt det fulle økonomiske ansvaret for vaktordningen, men kostnadene dekkes av øremerkede statstilskudd (106 mill årlig), avpasset den vaktstrukturen som er etablert.

2) Rammeavtalens formelle status og ordningens kompleksitet/detaljnivå

Rammeavtalen omfattes ikke av KS' vedtekter, og derfor binder den kommunene bare dersom de selv vedtar den. Dette er i seg selv en meget svak konstruksjon. KS og DNV ikke har noen formell rolle som tvisteløser dersom kommunene blir uenige seg i mellom om prioriteringer, veterinærenes deltakelse i vaktordningen, deling av utgifter, oppdeling i vakt-distrikter osv.

Det er ressurskrevende for KS å gå inn i diskusjoner om lokale prioriteringer, vi kan dessuten bare gi råd og håpe at disse følges. Så lenge kommunene er lojale mot en sentralt avtalt ordning er saksbehandling i KS likevel langt mindre ressurskrevende totalt sett enn hva tilfellet ville ha vært dersom kommunene skulle ha etablert og videreutviklet ordningene selv. Som en del av saksbehandlingen utarbeider KS regneark som veterinærene bruker for å fakturere kommunene.

3) Innholdet i det kommunale ansvaret

KS og DNV har ulike syn på hvordan den kliniske veterinærvakten bør utvikles. Grovt formulert ønsker DNV en sterkere prioritering av befolkningstette strøk og kjæledyr, mens KS ønsker å opprettholde innretningen slik den opprinnelig var begrunnet, nemlig mot produksjonsdyr i landbruket. Dette dreier seg om innholdet i det kommunale ansvaret, noe som var problematisert av hørings-

SAK 69-11, VEDLEGG 2

instansene også forut for reformen, uten at temaet ble mer avklart i forbindelse med kommunaliseringen. Denne interessemotsetningen bringes frem hver gang avtalen reforhandles, på den måten at DNV krever opprettet nye vaktområder i tettbygde strøk. Eventuell innfrielse av dette innebærer at statstilskuddene økes, alternativt at vaktgodtgjørelsen på landsbasis reduseres tilsvarende, alternativt at eksisterende vaktområder legges ned, alternativt at kommunene selv bidrar til finansieringen.

4) Avtalen er i strid med konkurranseloven

Rammeavtalen er i strid med konkurranseloven, særlig pga samarbeid om priser og oppdeling av markeder. Det foreligger unntak fra loven frem til juli 2012. Unntaket er begrunnet i at kommunene trenger en rimelig overgangsperiode, andre grunner for unntak finnes ikke, slik Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) og Konkurransetilsynet ser det. Se neste punkt siste avsnitt.

5) Økonomien - statstilskuddene

I LMDs brev til kommunene før kommunaliseringen (16.10.07) fremgår det at kommunenes kostnader skal dekkes ved øremerkede statstilskudd. Men Stortinget forutsatte at kommunenes utgifter skulle inngå i det ordinære inntektssystemet, *eventuelt etter en overgangsperiode* med øremerking. I ettertid er det klart at dette premisset kan bli problematisk, hvis ikke denne delen av kostnadsøkene avspeiler landbruket og husdyrholdet, slik dagens øremerking gjør. Dersom tildelingen skulle gjenspeile folketallet, vil eksempelvis Oslo/omegn motta anslagsvis 12-15 mill kroner årlig, mot nå ca 1 mill. Prisen ville "utkantnorge" betale, f eks mottar Vega kommune nå 630 000, dette vil reduseres til om lag 17 000 etter "normal" utligning i inntektssystemet. *KS forutsetter at innlemming i inntektssystemet ikke fører til utilsiktede omprioriteringer av kommunenes inntektsforutsetninger ift. å tilby klinisk veterinærvakt.*

Denne problemstillingen samt forholdet til konkurranseloven behandles nå i en interdepartemental arbeidsgruppe (FAD, LMD, FIN og KR D). Konklusjonene fra denne gruppen vil avgjøre spørsmålet om mulighetene for eventuelt videre unntak fra konkurranseloven. Arbeidsgruppen vil ventelig levere en innstilling oktober/november 2011.

6) Hva bør KS mene om fremtidige ordninger?

Den sentrale ordningen har fungert greit i tiden som har gått etter 1.1.08, og KS har i samarbeid med LMD og DNV greid å løse de problemene som har oppstått. I de snart 4 årene ordningen har vært kommunal har vi gjennom vår saksbehandling og ellers ikke fått en eneste ytring om at den burde opphøre og erstattes av lokale ordninger. Kommunene ønsker mao. videreført en sentral ordning gjennom sentral avtale mellom KS og DNV. Det gjør DNV også.

En ser for seg tre mulige fremtidige løsninger:

1. Sentral avtale som nå, øremerkede statstilskudd og fortsatt unntak fra konkurranseloven.
2. Dagens avtale gjøres om til partenes felles anbefaling, dette løser antakelig problemet vs. konkurranseloven. Om dette er interessant for DNV er høyst usikkert og antakelig tvilsomt.
3. Opphør av sentral avtale, full lokal styring. Dette er det prinsipielt riktige, samsvarende med Stortingets forutsetninger og den eneste realistiske løsningen på lengre sikt.

KS bør uansett mene at de statlige midlene må "treffe" kommunene omtrent som i dag. Dersom dette ikke er mulig innenfor inntektssystemet eller på annen måte, vil dagens ordning/vaktstruktur høyst sannsynlig bli avvirket. Dette vil antakelig skape uro i kommunene. KS kan, som en midlertidig løsning og inntil kommunene har skaffet seg større erfaring med tjenesten, leve med dagens ordning. Konklusjonene fra den interdepartementale arbeidsgruppen vil ventelig gi avklaringer.

Sigrun Vågeng

Per Kristian Sundnes